



Adresseliste

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hedda Vik Askeland, 5557 2055

## Høring av søknad om løyve til anleggsarbeid i sjø for utviding av industriområde på Botnastranda i Kinn kommune – høyringsfrist 13. januar 2025

iVest Consult AS søker på vegne av Julnes Egedom AS om løyve etter forureiningslova til anleggsarbeid i sjø for å utvide industriområde. iVest har i den vedlagde søknaden beskrive arbeida, gjort ei risikovurdering av anleggsarbeid ut frå kjende marine naturtypar, og føreslått avbøtande tiltak for å redusere fare for forureining til eit akseptabelt nivå.



Figur 1: Oversiktskart for utfyllingsområdet ved Kneteberget på Botnastranda (raud sirkel) i Kinn kommune.

Anleggsarbeidet omfattar utfylling i sjø for å utvide industriområde som ligg ved Kneteberget på Botnastranda i Kinn kommune. Det planlagde tiltaket gjeld eigedom med gards- og bruksnummer 18/233 og 18/253. Arbeidet vil innebera utfylling av om lag 4 700 m<sup>3</sup> med rein sprengstein i eit sjøområde på 565 m<sup>2</sup>, og massane vil bli brukt i samband med eige prosjekt frå Havikbotn næringsområde. Arbeidet er planlagt å starta i 2025 og vil halde fram i 0,5 – 1 år, avhengig av godkjenningar og eventuelle avgrensingar i anleggsperioden.

E-postadresse:

[sfvpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvpost@statsforvalteren.no)

Sikker melding:

[www.statsforvalteren.no/melding](http://www.statsforvalteren.no/melding)

Postadresse:

Njøsavegen 2

6863 Leikanger

Besøksadresse:

Njøsavegen 2, Leikanger

Solheimsgaten 13, Bergen

Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00

[www.statsforvalteren.no/vi](http://www.statsforvalteren.no/vi)

Org.nr. 974 760 665



Botnafjorden er eit «regionalt viktig gytefelt» for torsk. I tillegg er det registrert eit gyteområde for sild nær tiltaksområdet. Aust for Botnastranda finst det «større taeskokogforekomster» som er klassifiserte som «svært viktig». Vidare ligg det akvakulturanlegg aust for tiltaksområdet ved Sandvikskjeret.

Dei føreslåtte avbøtande tiltaka inkluderer utplassering av oppsamlingskjørt/lensar utanfor fyllingsområdet for å hindre spreiding av finpartikulære massar. Entreprenøren må manuelt fjerne plast frå sprengsteinen før den vert fylt i sjøen. Det vart påvist miljøgifter over grenseverdiane i sedimentprøvar frå tiltaksområdet, og difor vert det føreslått å dekkje sedimentbotnen med duk på dei områda som er planlagt for utfylling, for å redusera risikoen for spreiding av forureining.

### **Ber om eventuelle uttaler innan 13. januar 2024**

Statsforvalteren ber om uttaler til vedlagte søknad innan 13. januar 2024. Uttaler kan sendes til [fmvlp@statsforvalteren.no](mailto:fmvlp@statsforvalteren.no), merk med referansenummer 2024/17270.

Søknaden, fleire av søknadsdokumenta og Statsforvalterens brev i saka vert gjort tilgjengeleg på Statsforvalterens heimeside: <https://www.statsforvalteren.no/nb/vestland/hoyringar/>.

Med helsing

Magne Nesse  
senioringeniør

Hedda Vik Askeland  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

1                      Søknad om løyve

Kopi til:  
Julnes Eigedom AS  
iVest Consult AS



**Mottakerliste:**

**Kinn kommune**

**Fiskeridirektoratet**

**Mattilsynet**

**Bergens Sjøfartsmuseum**

**Sør-Norges Fiskarlag**

**Postboks 294**

**Postboks 185 Sentrum**

**Postboks 383**

**6701**

**5804**

**2381**

**MÅLØY**

**BERGEN**

**BRUMUNDDAL**